

Årsmelding 2015

Tillitsverv i perioden

Styret

Leiar Inge Bakke

Nestleiar og hamnesjef Terje Edvardsen

Kasserar Alvin Honningsvåg

Styremedlem Arne Hjertenes

Varamedlem Jan Lundebrekke

Revisorar

Olav Ervik

Torleif Løken

Valnemd

Magnar Osmundsvåg

Rune Jan Skår

Aktivitetar

Styret

Styret har hatt seks møter i 2015 og eit i januar 2016.

Medlemmane

Laget har 87 medlemmar. Det er ei auke på fire i løpet av 2015. 81 medlemmar har betalt årsavgift eit medlem vart med så seint i året at han har betalt halv årsavgift. Dei fire styremedlemmane og varamedlemmet har vore fritekne for årsavgift.

Omsetjing av plassar

Det har vært omsett 4 nyetablerte plassert til ein pris på 20.000 kroner per stykk. 1 nyetablert plass til 20.000 kroner er framleis ledig.

19 plassar er framleigd.

Det har ikkje vore plassbyte eller utviding av plassar i løpet av 2015.

Dugnader

34 medlemmar deltok på dugnad 5. juni. 1 var sjukemeld og ein hadde alternativ dugnad ein annan dag. 15 medlemmar har kjøpt seg fri frå dugnad.

Dugnader utført av styret med hjelparar:

- To gangbare utriggarar blei lagt ut ved to av dei nye plassane på A- og C-brygga.
- Det har vore tre reparasjonar på bryggefortøyningane.
- Vassforsyninga til C-brygga vart reparert.

Straum

17 medlemmar har betalt for straum med eit beløp på til saman 13 699 kroner.

Utført arbeid

- Kasserar ba om rentenedsettelse på lånet vårt i banken. Det førte til at renta vart sett ned frå 5,20 % til 3,95 %.
- Det er etablert 5 nye plassar med utriggar på ei side, 1 plass inst på brygge A, 2 plassar inst på brygge B og to plassar i brygge C.
- Alle flyteelementa i brygge A er erstatta med nye.
- Nokre flyteelement i brygge C er erstatta med nye. Flytebrygga lå skeivt og dette vart retta opp.
- Ein seks meters gangbar utriggar ligg på kaia og vil bli brukt til å lage ny plass inst på brygge A.
- Ein del fortøyningsbommar er til overs og ligg på kaia.
- Eit flyteelement ligg på kaia. Det skal brukast til å rette opp ein mindre skeivheit på C-brygga.

Selje 8. februar 2016

Inge Bakke
Leiar
(sign.)

Terje Edvardsen
Nestleiar, hamnesjef
(sign.)

Alvin Honningsvåg
Kasserar
(sign.)

Arne Hjertenes
Styremedlem
(sign.)